



Kvinnherad Kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL  
v/Synneve Skei

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN  
TLF: 56 58 11 30  
Faks: 56 58 11 99  
post@byggadmin.no

Dato: 06.12.2016

**GNR/BNR 163/4, 163/29 - 163/34 , ØYERHAMN. SØKNAD OM UTSLEPP TIL SJØ FRÅ  
NYTT HYTTEFELT**

Viser til vedtatt reguleringsplan for nytt hyttefelt ved Øyerhamn på Varaldsøy.

Det vert med dette søkt om nytt utslepp til sjø for hyttefeltet etter kapittel 13 i forureiningsforskrifta. Dette kapittelet gjeld mellom anna utslepp til sjø frå anlegg over 50 pe. Samla utslepp frå dei 11 hyttene i reguleringsplanen vil vere på 55 pe. Men på grunn av terrenget vert det etablert 3 ulike slamavskiljarar. I tillegg er det ønskeleg at utsleppet skal kunne ha kapasitet til og å handtere avløp frå eksisterande hytte på gnr/bnr 163/7. Denne hytta vil då få eigen slamavskiljar.

Ein ynskjer no å etablere eit utslepp som har inntil fire nye slamavskiljarar (inkludert gnr/bnr 163/7), sjå vedlagte planar, men felles utsleppsleidning. Bakgrunnen for dette er stor speiding i plassering av hyttene og vanskeleg terreng. Alternativet ville vært å bruke nokre pumpestasjonar, men det ynskjer vi ikkje å gjere. Det er og svært usikkert når alle hyttene vert etablert.

Vi har konferert med mellom anna VPI (Vestfold Plastindustri) når det gjeld dimensjonering av slamavskiljar. Forventa reinseffekt ved VPI sine slamavskiljarar er:

Parameter:	Modell Baga	Standard modell
	Reinsegrad i %	Reinsegrad i %
Fosfor (tot-P)	15 – 20	5 – 10
Organisk stoff (BOF)	30 – 40	20 – 30
Nitrogen (N)	10 – 15	5 – 10
Suspendert stoff (SS)	50 – 90	30 - 80

Plassering av slamavskiljar og kva hytter som er tenkt tilkople denne er vist på vedlegg.

Slamavskiljar vert dimensjonert etter VA-miljøblad nr. 48 med utslepp til mindre følsom resipient og 9 timars oppholdstid. Ei hytte er berekna å vere i drift i 90 dagar pr. år eller ¼ av eit vanleg år. Ei slik dimensjonering tar utgangspunkt i følgjande verdiar:

Slamavskiljar nr. 1 (Slam 1) og 2 (Slam 2)

- Talet på pe: 10 (5 pr. hytte)
- Slamproduksjon lik 250 liter pr pe/år
- Tømming ein gang annakvart år
- Vassforbruk lik 250 l/pe pr. døgn

Dette gir då:

- Nødvendig våtvolum i slamavskiller med 9 timers oppholdstid: 0,1 kubikk
- Nødvendig slamvolum i slamavskiller: 5,0 kubikk (over to år).
- Samla krav til volum i slamavskiller: 5,9 kubikk. Det må da installerast slamavskiljar på 6,0 kubikk for Slam 1 og Slam 2

Det er då ikkje nytta reduksjonsfaktor på 0,25 % for slamproduksjon til hytter. Etter VA-miljøblad nr. 48 kan ein redusere slamvolumet etter antatt antall døgn hytta er i bruk over året.

Slamavskiljar nr. 3 (Slam 3)

- Talet på pe: 35 (5 pr. hytte og 7 hytter)
- Slamproduksjon lik 250 liter pr pe/år
- Tømming ein gang annakvart år
- Vassforbruk lik 250 l/pe pr døgn
- Ein antar at i snitt er hyttene i bruk om lag 50 % av året. Det vert difor nytta ein reduksjonsfaktor ved berekning av slammengde på 0,5.

Dette gir då:

- Nødvendig våtvolum i slamavskiller: 3,3 kubikk
- Nødvendig slamvolum i slamavskiller: 17,5 kubikk (over to år). Med ein hyttefaktor på 0,5 vert dette 8,75 kubikk
- Samla krav til volum i slamavskiller: 12,05 kubikk. Det må da installerast slamavskiljar på 12,0 kubikk for Slam 3

Det vert då montert ein slamavskiljar på 7,0 kubikk for slamavskiljar nr. 1 og 2 (slam1 og slam2) då det ikkje finnes slamavskiljarar med 6,0 volum og ein slamavskiljar på 12 kubikk for slam3. For gnr/bnr 163/7 må det etablerast ein slamavskiljar som er i tråd med krav frå Kvinnherad kommune på 4 kubikk.

Utslippsstaden er vurdert å ha gode strømningsforhold og er dermed mindre følsomt (jamf. §12-9). Slamavskiljar skal då tilfredsstille krav til minst 20 % reduksjon i suspendert stoff. Vedlagt brosjyre frå VPI viser at ein standard slamavskiljar har ein reinseffekt når det gjeld fjerning av suspendert stoff på mellom 30 – 60 %.

Utslepp vert ført ut på kote -20 som vist på teikning. Samla belastning på utsleppet vert då 12 hytter eller 60 pe medrekna gnr/bnr 163/7.

Dersom de har merknader til denne søknaden ber vi om at de tek kontakt med underteikna på e-post: [andre@byggadmin.no](mailto:andre@byggadmin.no) eller mobil : 95042104

Viser til søknad om utslepp og vil opplyse om følgjande:

1. Namn på nøytral fagkyndig person som hat bistått med val av reinsem metode (vedlegg 6a) i søknaden: Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
2. Utsleppet vil ikkje berøre noko drikkevasskjelde eller næringsverksemdar. Utsleppet vert så langt ute og på ei slik djupne at det helle ikkje kjem i konflikt med bading og anna rekreasjon i området (vedlegg 6g).
3. Vi har ikkje motteke noko merknader eller motsegner i samband med nabovarslinga (vedlegg6h).

Mvh.



André Bjørndal

## Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

### Vedlegg:

- Søknadsskjema for søknad om utslepp
- Kart over anlegg (Vedlegg 6E)
- Kart over utslepp (Vedlegg 6E)
- Dokumentasjon på type slamavskiljar og reinsegrad (vedlegg 6C)
- Liste over eigedomar som vert tilknytt anlegget (vedlegg 6F)
- Kvittering for nabovarsel (vedlegg 6H)

## VEDLEGG 6H)

Følgjande eigedomar vert tilknytt slamavskiljarane:

Alle nye tomter i reguleringsplanen samt muligheter for at 163/7 kan knytte seg til i framtida. Dette betyr følgjande tomter:

Slam 1:

- Tomt 1 og tomt 2 (ikkje frådelt enda)

Slam 2:

- Gnr/bnr 163/29 og 163/30

Slam 3:

- Gnr/bnr 163/31 – 163/34 samt tomt 5 - 7 (ikkje frådelt enda)